

Referat frå årsmøte i Bjordal og Ortnevik sokn

søndag 02.05.21 etter gudstenesta i Bjordal kyrkje kl. 16.00

I byrjinga av årsmøtet spelte kantor Gerda Otterstein melodiar til revidert gudstenesteordning. Leiaren sa litt om arbeidet med gudstenesteliturgien. Det var ikkje innvendingar mot det gudstenesteutvalet for alle sokna i Høyanger kommune hadde komme fram til.

Det vart utdelt kaffi og kake og dei 12 frammøtte sat i benkene med god avstand p.g.a koronasituasjonen.

Leiar Sissel Sørebø refererte frå årsmeldinga for 2020 - den vart teken til vitande utan merknad.

Kasserar Liv- Gunnbjørg Søreide hadde ikkje høve å møte, så Ann Iren Østerbø refererte litt frå rekneskapen.

Sum inntekter på kr 25.151.22
Sum utgifter på kr 29.903.69

Det vart eit underskot på kr 4.752.47 dette året.

I banken pr.01.01.21 har soknerådet kr 21.824.12.

Mari- Ann L. Fridtun har revidert rekneskapen og funne den i orden.

Ein merknad til rekneskapen var spørsmål om det skal vere to revisorar. Dette vil bli ordna til neste år.

På gåvekontoane til kyrkjene står det pr. 01.01.21:

Ortnevik : kr 58.236,12

Bjordal : kr 10.448,75

Andre saker som vart diskutert :

Toril Lange går av med pensjon v/ nyttår. Trusopplæringsutvalet skal revidere trusopplæringsplanen for Bjordal og Ortnevik sokn. Det blir utlysing av stillinga til hausten.

Prioritering av vedlikehald og investeringar i kyrkjer og på gravplassar :

Måling av bårehuset i Bjordal.

Rømmingsveg frå galleriet i Bjordal kyrkje - innkjøp av taubrannstige som kan festast over rekkverket ved behov.

Vedlikehald og måling av klokketårn i Ikjefjord.

Ortnevik kyrkje er 100 år i 2025

1. Måling innvendig i kyrkja
2. Universal tilkomst til kyrkja
3. Vurdering av stell / tynning av tre på kyrkjegarden v/ kommunegartner.

Det blir fleire dåpsgudstenester i Ortnevik i sommar. Koronarestriksjonane i samband med dåp vart drøfta.

Geir Sørebo blir vikar fram til 20. juni. Teologistudent blir vikar i sommar. Karl Hjelmeland byrjar 1. august.

Vi avslutta med salmen Fager kveldssol smiler, før Sissel takka for oppmøte og ynskte vel heim.

Sissel Sørebo
Leiar

Ann Iren Østerbo
sekretær

Kopi: Lavik kyrkjekontor
Høyanger kyrkjekontor